

FAU-møte 2.12.2015. Skodvin Montessoriskule.

Tilstades: Erlend Vakt skjold, leiar i FAU (frå 3.kl), Charlotte N. Grimstad (5.kl), Elin Gaulen (1.kl), Manuela Springer (7.kl), Bodil Kaland (2.kl), Trygve Kvalvåg (6.kl) og Kristine Lunde (4.kl).

Referatet frå sist møte vart godkjent. Referata skal sendes til skulen, FAU og vara på e-post. Skulen kan leggja referat på heimesida eller på It`s Learning, slik at alle foreldra kan lesa.

14/15 Vedtekter for FAU – utsatt til nestegong. Vi må avklara om vi skal ha eit SU og korleis det skal fungera.

15/15 Temakveld for foreldra.

Tema: Korleis ta i bruk Montessori-metoden heima. Skulen tar initiativ. Dette blir gjerne gjennomført før påske ein gong. I tillegg er vi positive til foreldrekurs i dataprogrammet TextPilot.

16/15 Juleavslutning 16.12 kl. 18-20.

FAU lagar eit utkast til invitasjon, skulen distribuerer. Det må komma fram på invitasjonen at det berre er enkel servering med kaffi/saft, kaker og frukt. Inngangspengar 50 kr pr. for vaksne og ungdom over 7.klasse. Dette er til dekke av utgift til mellom anna leige av ungdomshuset. Invitasjonen går til elevar med føresette og familie.

17/15 Dugnad for vennskap.

Vi oppmodar alle gruppene/klassen til å arrangere ein sosial ting for elevar og foreldre på ettermiddag. Helst ein kvart halvår. Vara-representantar har ansvar for dette, men andre kan gjerne ta initiativ også. Det er berre gruppe vest som har hatt ei samling. Dei hadde bakekveld med foreldre og elevar i kantina på skulen.

18/15 Økonomi

Eva Fyllingsnes har pengane til FAU. Vi har ingen konto enda. Vi har ca. 9000kr.

Garderobe

FAU har vore i kontakt med skulen og styret. Dei er klar over at det er ei utfordring med trong plass og mykje våte klede.

Konkrete tiltak vi føresette kan gjera noko med no:

- Dei føresette som kan, bør vera innoom skule jamleg for å sjå over bornas plass og henta heim klede. (minst ein gong i veka)
- Elevane bør ta med seg heim ytterklede kvar dag til tørk og evt. vasking no i vinter, spesielt når været er så vått. Kleda tørkar ikkje på skulen. Ein god idé kan vera å ha med ein stor, kraftig pose, type «shoppingbag», til å frakta kleda fram og tilbake.
- Vi ber lærarane bruka meir tid med elevane på å få sendt heim klede. Om muleg ha også ha presentasjonar om korleis garderoben skal sjå ut og kva som skal vera kor.
- Vi ønskjer at skulen/styret ser på om det er muleg å flytta på nokre knaggar for å få betre plass i grovgarderoben.

Oppfølging av andre saker frå forrige møte:

- a. Vennebank – Trygve har noko på gang.
- b. Parkering – Styret skal kontakta grunneigar om muleg ny/større parkeringsplass.
- c. Lagging av undervisningsmateriell – utsatt til etter jul.
- d. Rydding av skråning – her har det vore dugnad. Godt jobba til dei som deltok.

e. Leikehytte ute – vi ser på det til våren.

Anna:

- Dersom nokon har tre-materiale (plankar) og stoffrestar til kunst er skulen interessert i det.
- Dei øydelagde plastmappene som må erstattast, kan kjøpast på skulen. Dersom du ikkje vil kjøpa sjølv i butikk.
- Vi snakka også om at vi må vera rause og tolmodige med skulen og personalet. Skryta og komma med positive tilbakemeldingar. Dei er tross alt i ein oppstartsfase og jobbar knallbra for å få skulen så bra som muleg. Det gagnar ingen å kritisera og henga seg opp i detaljar som ikkje er veldig viktige. Det er masse vi er veldig fornøyde med, og det må vi få fram til skulen.

No gler vi oss til julefesten 16.12.

Neste planlagte FAU-møte er onsdag 24.februar 2016 kl.18.00.

Skodvin 2.desember 2015

Kristine Lunde – skrivar.